

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følge prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Rubbestadnes vgs

Tal elevar skuleåret 2015/16: 160

## 1 Hovudmål: **Auka læringsutbytte og fullføring**

### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått

Andel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Andel sluttarar

### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	83,5
2015/16	92,8

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	6,79	1,23
	2015/16	5,06	1,27
Standpunkt	2014/15	7,45	2,48
	2015/16	5,81	0,00
Eksamen	2014/15	1,94	-
	2015/16	4,46	-

### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	9,93
	dagar	7,02
2015/16	timar	9,95
2015/16	dagar	5,79

### 1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	1,80
2015/16	1,87

## 1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

### **Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?**

Som ein liten skule, føler me at me «ser» alle elevane våre, har eit positivt miljø, og er raske til å setje i verk tiltak for elevar som treng ekstra hjelp og støtte.

Dette skuleåret har me brukt ekstra ressursar ved å setje inn ekstra lærar og /eller assistent i klassar der me ser det er behov.

Me har arbeida inn gode rutinar for behovsmeldingar frå lærarar og godt samarbeid mellom kontaktlærar, ressursteam, elevinspektør og helsesøster.

Som eit resultat av dette, har me auka andelen av elevar som fullfører og består frå 79,1 til 92,8%.

Me har også ei positiv utvikling når det gjeld frávær.

### **Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

For elevar som har hatt faglege eller sosiale utfordringar på ungdomsskulen, blir det organisert overføringsmøter der både eleven og dei føresette er med. Elevar frå ungdomsskulane får hospitere to dagar på vår skule der elevane våre er saman med dei desse dagane.

Me inviterer alle føresette til informasjonsmøte ved skulestart, samtale seinare på hausten og open skule om våren.

At me er ein liten skule, gjer at me har god oversikt over elevane og får sett i verk tiltak tidleg. Me inngår samarbeid med foreldre kor elevane ikkje har fylt 18 år der kor me ser negativ utvikling i forhold til frammøte.

Dette skuleåret har 2% av elevane slutta. Av desse er over halvparten «vaksne» utan ungdomsrett, medan dei resterande har fått lærekontrakt eller skifta skule.

### **Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Å ha fokus på enkelteleven, tett lærarsamarbeid og individuell tilrettelegging for elevar som treng det.

### **Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Dette arbeidet er forankra i skulen sin utviklingsplan og i HFK sine styringsdokument. Avdelingane fokuserer på dette arbeidet gjennom heile skuleåret.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

#### **Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

**2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:**

**Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Lærarane lagar vurderingskriterier og ser på det i lag med elevane før starten på eit nytt emne. Det er arbeida med å lage skjema for eigenvurdering i dei fleste fag. Når arbeidet er levert skal elevane skrive rapport og vurdere arbeidet dei har gjort. Elevane får munnleg vurdering underveis heile tida. Skulen nyttar også Pedsys sin mal for eigenvurdering, dette endar opp i samtale som gir grunnlag for karakter. Tilbakemelding frå elevane er at det er lettare å skrive inn i ein mal for då er dei sikre på å få alle punkta med. Elevane meiner å reflektere rundt utført arbeid fører til auka læring. Elevundersøkinga syner positiv utvikling sidan i fjor og me ligg over snittet for HFK når det gjeld vurdering for læring.

**2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»**

**Utfordringar:**

Kva konkret vil me ta med oss vidare i arbeidet med å nå hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring?

Me må arbeide målretta for å få felles vurderingskultur mellom lærarane. Alle må samarbeide og lære av kvarandre på tvers av fag og styrke delingskulturen.

Det er også viktig å ha ein god dialog med elevane og vise kor fagemna er heimla i læreplanen. Samt ha ein sluttsamtale med elevane for få tilbakemelding på læringsutbytte, slik at me kan justere og kvalitetssikre undervisninga.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

#### **Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Alle fag har egne mapper på It's learning, der lærarane legg ut undervisningsplanar, oppgåver og undervisningsopplegg. Om dei er borte frå skulen eller vil repetere, kan dei her hente fagstoff og levere oppgåver. Av lærarane blir It's learning også brukt som eit dokumentasjonsverktøy.

Skulen har oppretta ei offisiell facebookside og me ser at den også blir brukt av foreldre og tidlegare elevar. Nokre lærarar brukar Facebook mellom elevane, og dei meiner det er viktig at elevane kan bruke FB på ein annan måte enn berre på det sosiale planet, sjølv om It's learning fortsatt er den offisielle kanalen.

Solid Edge blir brukt for å lære 3D-modelling og gjere forståinga av teikningar enklare og kan knytast til CNC-styrte verkstadmaskinar.

Skulen har også kjøpt ein 3D-skrivar, der elevane kan skrive ut plastmodellar av gjenstandar teikna i Solid Edge.

I matematikk brukar elevane rekneprogrammet Kikora.

Programma Fluidsim, PC chematic, Simatec og OMRON, blir brukt både på elektro, automasjon og industrideknologi, til programmering av PLS.

Programmet TM-master er teke i bruk i klassane på maritime fag. Dette for å nå mål i læreplanen og STCW konvensjonen.

Skulen brukar også Industriskulen sitt nettbaserte undervisningsopplegg.

IKT-konsulenten er inne i alle klassane og informerer om grunnleggande IKT-bruk ved skulestart.

Alt i alt har me eit bra utval av dataprogram, som undervisningspersonale er blitt kjende med og nyttar dagleg.

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### **Utfordringar:**

Å lære elevane å sortere i digital informasjon, studieteknikk og struktur er nok dei største utfordringane ved bruk av IKT i læringsarbeidet. Å få det pedagogiske personalet til å ta meir i bruk IKT, oppdatere seg, integrere det i undervisninga er også ei utfordring.

## 2.3 Klasseleiing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

**Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

#### Lærings- og klassemiljø

Dette skuleåret har det vore fokus på klassemiljø og arbeidsmiljø for lærarane. Me føler at me ser kvarandre, er tett på elevane og stiller krav til dei. Resultat frå elevundersøkinga bekreftar dette, då me ligg over snittet for HFK når det gjeld trivsel, støtte frå lærarar og felles reglar. Lærarsamarbeid er blitt betre dette året og lærarane meiner dei får gjort meir. Lærarane delar årsplanar, prøveplanar og dei delar fag mellom fleire lærarar. Dette gjer at dei får spreieing av erfaring mellom lærarane og kan sjå heile opplæringsløpet til elevane.

Skulen har laga eit årshjul over kor tid dei ulike aktivitetane skjer, dette gjer at det òg er lettare å laga andre planar.

Lærarane på Vg2 har erfaringsmøter med kontaktlærarane på Vg1 om hausten slik at dei får vite litt om elevane som går vidare. Det er lettare å avklare ulike behov elevane har, om dei fortsatt er der, eller om det er andre behov dei har no.

Skulen nyttar skjema frå Pedsys i arbeidet med systematisk elevutvikling og vurdering av trivsel og fagleg måloppnåing.

Me har også hatt fokus på felles sosiale aktivitetar saman med elevane, noko som har vore med å få elevane til å føle seg trygge på skulen og å betre klassemiljøet. I dette arbeidet har skulen samarbeida med elevrådet, som har vore med i både i planlegging og gjennomføringsfasen.

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

#### Utfordringar:

Sams praktisering av skulereglementet er framleis ei utfordring. Dette er noko som avdelingane har hatt fokus på, med hyppige avdelingsmøter og tett kontakt med lærarane gjennom skuleåret.

Å motivera elevane til å arbeide målretta og effektivt med fag, har også vore ei utfordring dette skuleåret.

Me opplever også at det er stort spenn i kunnskapsnivået til elevane som startar på Vg1. Enkelte elevar har store hol i grunnleggjande kompetanse og treng ekstra støtte og tilrettelegging, medan andre elevar opplever at dei ikkje får nok faglege utfordringar. I faglege utfordringar ligg me litt under HFK samla, så dette må bli eit prioritert område for neste skuleår.

Me må også betre samhandlinga mellom avdelingane og den øvste leiinga må sjå skulen under eit, med fleire fellesmøter.

### 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

#### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Det største utviklingstiltaket dette skuleåret, har vore å kvalitetssikre det pedagogiske arbeidet på skulen ved å lage og ta i bruk prosedyrar for undervisning, evaluering eksamen og HMT. Dette opp mot utviklingsplanen til skulen.

#### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Grunnen til at me har arbeida med dette er å auka læringsutbytte til elevane og å få på plass eit kvalitetssikringssystem som er i tråd med HFK sine retningsliner. Dette skal ha så høg kvalitet at det kan bli godkjent av Det Norske Veritas GL (DNVGL) og Sjøfartsdirektoratet.

#### 3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Hausten 2015 vart det sett av mykje tid til samarbeid mellom lærarar og leiinga for å få på plass nye rutinar og måtar å dokumentere undervisninga på. Store endringsprosessar vart gjennomført og implementert i det pedagogiske arbeidet ved skulen. Godt samarbeid mellom lærarane og tett oppfølging av leiinga, har ført til at skulen no har eit KS-system godkjent av DNVGL og Sjøfartsdirektoratet.

#### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Lærarsamarbeidet har blitt tettare og me har på plass gode rutinar for både planlegging, undervisning og vurdering. I tillegg er HMT-arbeidet i verkstadane blitt styrka. Dette har ført auka læringsutbytte, betre klassemiljø og auka trivsel for både personale og elevar. Eit godt eksamensresultat og gode tilbakemeldingar frå eksterne sensorar stadfestar dette.

#### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Sjølv om me meiner at me har nådd langt i dette arbeidet, står det ein del att før me har alle klassane og lærarane innlemma i desse rutinane. Det vil difor vera eit prioritert område også i skuleåret 2016/17. Å arbeida målretta med KS-arbeid vil vera nødvendig for framtidig godkjenning av DNVGL og Sjøfartsdirektoratet.

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**  
Gjennom avdelingsmøter og tett kontakt med kontaktlærarar og faglærarar.

**4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Me har to avdelingar, der leiarane har brukt avdelingsmøter til å involvere lærarane i dette arbeidet.

**4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Det har vore fellesmøter med gruppearbeid på tvers av avdelingane for å arbeide med tilstandsvurdering.

**4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Elevrådet har blitt informert om utviklingsarbeid og har delteke på jamlege møter saman med skuleleiinga. Elevane har også fått informasjon og fått uttala seg gjennom skulemiljøutvalet.

**4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Det kan sjå ut som at både det pedagogiske personalet og elevane har vore positive til det utviklingsarbeidet som har vore arbeida med dette skuleåret. Likevel er vel den største utfordringa å setje av tid til å samarbeide og å ta nye tiltak i bruk. Dette er prosessar me vil ha fokus på i tida framover.

## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Skulen vil leggje vekt på å setje av tid slik at alle kan arbeide med forankringa, gjerne på tvers av avdelingane.